

# VOSSA JAZZ

## RAPPORT - VOSSA JAZZ – 2012

Vossa Jazz vart skipa til 30. mars – 1. april. Festivalen var godt besøkt, og den kunstnarlege delen var framifrå. Den 39. Vossa Jazz går inn i historia som ein av dei beste; både programmering og gjennomføring var svært vellukka.

I løpet av festivalen fann over 50 tilskippingar stad der i alt 47 band medverka. 257 profesjonelle musikarar og om lag 100 amatørar sytte for store musikalske opplevingar frå 12 ulike scenar. Antal besøkande på tilskippingane var i underkant av 6 000. Med godt besøk på gratiskonsertar, gjester, akkreditert presse, musikarar og medarbeidarar hadde festivalen total over 13 450 konsertbesøk. 236 medarbeidarar sytte for at gjennomføringa av Vossa Jazz gjekk etter planen.

### NYSKAPANDE

Vossa Jazz sin profil omfattar jazz, folkemusikk og verdsmusikk. Festivalen skal vera nyskapande og gje publikum nye musikalske opplevingar.

Med ein poetisk og jazza hyllest frå Doktor jazz opna Ragnar Hovland den 39. festivalen. Opningskonserten vart levert av trioen Carsten Dahl, Arild Andersen og Jon Christensen. Dei samla fullt hus og gode omtalar hjå både presse og publikum.



Ragnar Hovland



Dahl/ Andersen/ Christensen

## Nye produksjonar i 2012:



Tingingsverket ” Som spor”, av og med Karl Seglem

- Sentralt under festivalen stod som alltid Tingingsverket, denne gongen komponert av Karl Seglem. Medverkande var i tillegg til Seglem (tenorsaksofon, bukkhorn): Andreas Ulvo og Lars Jakob Rudjord (tangentar), Kåre Opheim (trommer og perkusjon), Sigrid Moldestad og Håkon Høgemo (hardingfele) og Stefan Bergman (bass). Dei framførte verket ”Som Spor”, eit verk med trøkk og varheit i verdsjazzstil, til ein fullsett Vossasal. ”Som Spor» var det 31. tingingsverket levert til Vossa Jazz.
- Nyskriven musikk og norsk jazz var nok ein gong sterkt representert. I tillegg til Tingingsverket produserte Vossa Jazz ei ny bestilling med Gunhild Seim. Ho framførte «Story Water» i Fraktgodsen, fredag under Vossa Jazz. I samarbeid med Midtnorsk Jazzsenter hadde Vossa Jazz bestilt ny musikk av Sofia Jernberg i samarbeid med Trondheim Jazzorkester. Dette var ei framsyning der den svenske songaren, bandleiaren og komponisten Jernberg tolka hardingfelevirtousen Olav Luksengård Mjelva.
- Pianisten og komponisten Knut Kristiansen leverte «Kuria Suite» saman med Bergen Big Band. Dette var eit samarbeid med Vestnorsk Jazzsenter.
- Til Badnazz var produksjonen «Vossasamba» laga av bandet Papagøyene med elevar frå Bjørgum skule.

## Scener og innhald

Konsertrekka i Osasalen på Ole Bull Akademiet opna med Jazzintro, eit lanseringsprogram me skipar til i samarbeid med Norsk Jazzforum, Moldejazz, Nattjazz, MaiJazz, Kongsberg Jazzfestival og Rikskonsertane. To band konkurrerte på Voss; Duplex og Bodvar Tornes Trio. Duoen Duplex gjekk vidare til finalespel under årets Moldejazz. Vidare var den finske stjernesaksofonisten Juhani Aaltonen og kraftfulle tonar frå pianisten Eyolf Dale av sterke konsertar Vossa Jazz-publikummet fekk oppleve.

Vossa Jazz held fram med å nytta små, intime konsertscener. I tillegg er det viktig at det kan oppstå gjesteopptreden frå andre musikarar som vitjar festivalen. Tre Brør er kafeen i Hålandshuset der Vossa Jazz har kontor, her serverte me brunsjkonsertar med unge og lovande musikarar i trioane Hullyboo og Kitsch. Stein Urheim framførte ein sterk konsert og hadde plateslepp for sitt nye album «Kosmolodi».

Fraktgodsen er festivalen si jazzscene med sterke namn frå den norske og internasjonale jazzscena. Det var artistar frå mellom anna Slovenia, England, Finland, Sverige, USA og Norge på scena: Saksofonist Mats Gustafsson leverte ein framifrå konsert med sin kvartett, The Thing, Marc Ribot, trioVD og The Brazz Brothers med Dalakopa gav alle store musikalske opplevingar som spente vidt men innafor festivalen sin profil. Avslutningsvis var Marilyn Mazur Celestial Circle eit høgdepunkt for ei konsertrekke som syda av høg kvalitet, speglede og fantastiske møter mellom musikarar og publikum.



Stian Westerhus, Nils Petter Molvær trio

Kyrkjekonserten stod Susanna for, det vart ei vakker oppleving. I tillegg samla Nils Petter Molvær trio, Farmers Market, Valkyrien Allstars og Amadou & Mariam fulle hus på kveldstid.

### **Tilbod for alle**

Vossa Jazz skal gje musikalske opplevingar utanom det vanlege, for alle og sundag føremiddag arrangerte festivalen Superjazz for tredje år på rad. Målgruppa er personar med nedsette funksjonsevner. Denne gongen var det The Brazz Brothers som haldt musikalsk verkstad og konsert. Målet for verkstaden er at deltakarane skal læra seg å handtera ulike instrument. The Brazz Brothers fanga merksemda til deltakarane frå første stund, og saman jobbar muskarane og deltakarane fram ei førestilling. Kontakten mellom dei var heilt framifrå og den energien tok muskarane og superjazzdeltakarane med seg inn i festsalen på Park då det var klart for konsert. Gruppa utgjorde ein stor og solid rytmeseksjon, og publikum fekk med seg frie improvisasjonar frå kvar einskild deltakar.



Superjazz med "The Brazz Brothers"

# BADNA JAZZ

Badnajazz har i tolv år servert musikk for, av og med born. Laurdag føremiddag var det duka for utekonsert med lokalt barnekor, parade og konsert med Helge Jordal og Motbakkeorkesteret.



Helge Jordal

Etter tilskippingane utandørs var det klart for konsert med «Mari, Stein og Ragnar sitt dagdraummekollektiv.»

Sundag fann endå ei nyskaping stad: Badnajazz sitt tingingsverk; ”Vossasamba», eit stjernelag av musikararar saman med elevar frå Bjørgum skule på Voss. Saman framførte dei ein konsert i verdsmusikk – tradisjon med samba og jazz.

Vossa Jazz har også ei sterk satsing på ungdom, **UNGjaJAZZja!** Dette er ei satsing for, av og med ungdom. Målsettinga om å spreia og skapa interessa for jazz og nærliggande musikkformer hjå den yngre garde.

Denne satsinga har i fem år hatt eit samarbeid med Jazzlinja i Trondheim der studentane tilbyr gratiskonsert for ungdom i bygda, i tillegg til verkstad. Det var fullt med 35 deltakarar og venteliste for å vera med på verkstadane, så dette er eit tilbod me må jobba for å utvida neste år. I tillegg held elevar ved Voss Jazzskule og fjorårets UNGjaJAZZja-prisvinnar, ImproVision, konsert.

Årets festival baud som vanleg på eldrejazz, samt gratiskonsert både på torget, Banksmidja og jazzkafé på Park.



Lord Kelvin i Hangursbanen



Sham Jazz

### **Spontankonsertar**

Nytt av året var spontankonsertar rundt om. Det er viktig at improvisasjon og spontanitet er ein del av gatebiletet under festivalen. Lord Kelvin hadde fleire spontankonsertar rundt om, mellom anna i skianlegget på Voss og i gondolen på veg til fjells. Det same hadde Sham Jazz, eit ungt band som spelte ute, inne, før og etter konsertar. Nivåa på desse stunt-opptrednane var høgt og gav publikum ei ekstra vitamininnsprøyting.

### **Festivalkunst**

Vossa Jazz har lang tradisjon på å utfordra kunstnarar til å laga plakat til festivalen. I år starta me eit nytt tre-årig samarbeid med Voss Kunstlag der me jobbar på same måte som med muskarane; å finne dei nye og spanande kunstnarane. Me valde årets plakatkunstnar mellom masterstudentane på Bergen Kunsthøgskule. Elin Brissmann vart valt, ho måler detaljerte bilete og bruker teknikken olje på lerret. I tillegg til å laga årets Vossa Jazz-plakat stod Brissmann for Vossa Jazz-utstillinga i Banksmidja. Dette samarbeidet inkluderer 50 000 kroner i stipend til kunstnaren, gjeve av Voss Veksel- og Landmandsbank.



Vossa Jazz plakaten 2012, av Elin Brissman

### Minneutstilling Ivar «Knipo» Kvåle

Ein av Voss sine store kunstnarar, Ivar Kvåle, gjekk bort hausten 2011. Kvåle var kjend som biletkunstnar, avisteiknar og han var aktiv i Vossa Jazz som festivalutstillar, plakatkunstnar og mannen som opna festivalen på neverlur. Utstillinga på Tre Brør Café og var eit samarbeid med Voss Kunstlag og avisa «Hordaland».



Ivar Kvåle



Skapkunst

## **Skapkunst**

I år hadde festivalen eit samarbeid med elevar frå Voss Folkehøgskule som skapte kunst av skap. Publikum kunne kikka inn i skapa og oppleva ulikt innhald - uttrykka var mange og varierte.

## **Godt miljø på Voss**

Vossa Jazz er oppteken av miljø. Næringslivsseminaret "Vossakveik" vart skipa til i samarbeid med Indre Hordaland Miljøverk. Sjur Hjeltnes var musikalsk møteleiar, og Victor Norman, Einar Øverenget og Anne Viken tok oss gjennom seminaret der tema var "Makt og mot makt; ta styringa for svingande!"»

I tillegg har festivalen fokus på godt klima, inne og ute. Det er viktig at alle trivest på festivalen; musikarar, gjester og medarbeidarar. Gjenbruk av møblar og liknande i scenedekoren og fokus på å nytta miljøvenleg transport så langt det var mogeleg er ein del av profilen til festivalen.

## **Prisar**

Kvart år deler Vossa Jazz og Hordaland fylkeskommune ut Vossa Jazz-prisen som skal gå til den musikaren i fylket som har gjort seg mest bemerkta gjennom året. Den 25. prisen i rekkja gjekk til Sigrid Moldestad. I tillegg vart Badnajazz-prisen og UNGjaJAZZja!-prisen delt ut. Sistnemnde vert gjeven av Vossa Jazz sin hovudsponsor, Vossa Jazz-lauget. Denne prisen er på kr. 10 000 skal gå til unge band/ artistar som har hatt stor utvikling og spreidd musikkglede for seg sjølv og andre det siste året.

## **Presse**

Vossa Jazz 2012 hadde 26 presseakkrediterte, to av desse var utanlandske. Det var god dekning i lokal, nasjonal og internasjonal media med oppslag i mellom anna NRK TV (Vestlandsrevyen, Dagsrevyen), NRK radio (Kulturnytt, NRK Hordaland direkte, Kveldsnytt, NRK Trøndelag), Dagbladet, Bergens Tidende, avisa «Hordaland», Jazznytt, Bergensavisen, Dag og Tid, Dagsavisen, Downbeat og Santa Barbara Independent.

## **Økonomi – offentlege tilskot**

Festivalen mottok for 2011 kr. 1 100 000 frå Norsk Kulturråd, kr. 355 000 frå Hordaland fylke (30 000 av desse går til Vossa Jazz-prisen) og kr. 225 000 frå Voss kommune i driftstilskot. I tillegg mottok festivalen prosjektilskot m.a. frå Norsk Kulturråd og Visjon Vest.

Vossa Jazz er eit av lokomotiva i det norske jazzmiljøet og det er viktig at det offentlege også ser rolla festivalen har lokalt, regionalt og nasjonalt. Det er særskild viktig at me vert sikra ei oppjustering av tilskota framover, då offentlig medverknad er avgjerande for vidare kunstnarleg utvikling av Vossa Jazz og kontinuitet i arbeidet. Auka løyvingar frå det offentlege vil vera med på å sikra høgt kunstnarisk nivå og føreseieleg og langsiktig planlegging. Det er kostnadskrevjande å vera nyskapande og involvera mange ulike aktørar, lokalt og nasjonalt.



### **Sponsorstøtte**

Festivalen sin hovudsponsor er det lokale næringsliv gjennom Vossa Jazz-lauget. Denne avtalen sikrar årlege sponsorinntekter til ein verdi av kr. 500 000. I tillegg har festivalen ein treåring sponsoravtale med BKK. Festivalen har, som andre kulturtilskiparar, arbeidd hardt mot større nasjonale sponsorar. Det er utfordrande å få store, nasjonale sponsorar med på laget. Vossa Jazz vil jobbe hardt vidare for å levere så god kvalitet at også desse ser nytteverdien av å sponsa ein jazzfestival i hjarta av bygde-Norge.

Konklusjonen for Vossa Jazz 2012 er at festivalen har levert eit program med svært høg kvalitet, stor breidde i tilboda og ein klar profil. Vossa Jazz er stolt av det gode samarbeidet me har med andre aktørar og at tilreisande seier at det er ein spanande festival med eit godt klima for god musikk og gode opplevingar.

Voss, 26. april 2012

Trude Storheim  
Dagleg leiar